


- Håpar Herøysund-elevane kjem til Uskedalen

18.01.2010



Vidar Haugland håpar Herøysund-elevane kjem til Uskedalen. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Verksemdsleiar Vidar Haugland fann politikarane feige og handlingslamma då dei vedtok å leggja ned Bringedalsbygda utan å finne plass til elevane, men overlet til bygdefolket å ta den kampen sjølve.**

**Likevel håper han at folket i Herøysundet vil samle seg om å sende alle elevane til Uskedalen. Det vil gje ein betre skule her og det vil framskunde renoveringa av skulebygningen.**

**Haugland held fram dette i forventningsbrevet som han, i likhet med alle dei andre verksemdsleiarane, har skreve om 2010.**

Det er ein kommentar til at Uskedalen oppvekstsenter har fått ei budsjetttramme for dette året på 8 950 000 millionar kroner medan ramma for i fjor var 9.251.000 og rekneskapen for 2008 slutta på 9.042.000 kroner.

Haugland slår fast at ramma for 2010 ikkje er større enn at ho gjev utfordringar. Han peikar mellom anna på at dei yngste ved skulen er prioriterte også dette skuleåret. Neste skuleår startar ei krevjande gruppe på 22 elevar og fleire ressursar burde vore tilført denne gruppa for å gje dei fullgodt tilbod. Det vert ei stor utfordring då timetalet til mellomsteget er redusert til eit minimum allereie.

Neste år vil ein også få ein ny og krevjande konstellasjon, då 7 elevar i 7. klasse må setjast saman med 16 elevar i 6. klasse. Denne gruppa med 23 elevar i dei to klassane er ny, ikkje fagleg sterkt. Ho har trong for ressurstilførsel og ikkje reduksjon slik at elevane på det avgjerande sjuande steget får vere skilt frå sjetteklasen, i alle fall i basistimane.

Vidar Haugland, som skal slutta ved kommande årsskifte, skriv og at han har von om ein god tilsetningsprosess tidleg slik at den nye leiaren kan tilsettast frå 1. oktober. Dermed får dei to 1-2 månader med praktisk samarbeid før han sluttar.

Av Ola Matti Mathisen